



Vår dato:

01.04.2023

Vår ref:

2022/9095

Dykkar dato:

Dykkar ref:

2022/1277

KVAM HERAD
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Vi avsluttar arbeid med mogleg etablering av nasjonalpark i Kvamsfjella

Vi viser til brev av 16. mars 2023 frå Kvam herad. Der vert det vist til heradsstyret sitt vedtak 9. februar 2023 om at «ynskjer ikkje å vidareføre arbeidet med å utgreia ein nasjonalpark».

Frå før har Samnanger kommune gjennom kommunestyrevedtaket den 16. juni 2022 gitt lokal aksept for å starte verneprosess for Kvamsfjella (Øystesefjella). Vaksdal kommunestyre gav også lokal aksept i vedtak 15. november 2022.

Vi forstår det slik at det vart 14 mot 13 stemmer mot å starte vernearbeid i heradsstyret i Kvam. Sjølv om både Samnanger og Vaksdal kommunar har sagt ja til oppstart, vurderer vi det slik at det ikkje er tilstrekkeleg lokal aksept for å starte formell verneprosess for Kvamsfjella.

Vidare vurderer vi at resterande potensielt verneverdig areal i Samnanger og Vaksdal kommunar åleine vil vere for lite til å vurdera for vern som nasjonalpark. Vi avsluttar derfor arbeidet med Kvamsfjella nasjonalpark.

Naturkrise også i Vestland

Globalt, så vel som lokalt i Vestland står vi over for ei naturkrise like alvorleg som klimakrisa. Tap av natur til utbygging er den viktigaste enkeltårsaka. Områdevern sikrar at viktig natur ikkje blir øydelagt, og er difor eit av våre viktigaste verktøy i møte med naturkrisa.

Bakgrunn for oppdraget

Statsforvaltarane fekk oppdrag i brev av 9. november 2021 frå Miljødirektoratet om å blant anna «å avklare med berørte kommuner om det synes å være aksept for å forberede og gjennomføre videre prosess for vern av kandidatområdene i kategorien nasjonalpark».

Kvamsfjella var eit av 33 område som skal vurderast og utgreia for vern i Vestland, skal bidra til å dekke manglane i eksisterande verneplanar. Ved å bevare desse områda som dei er, kan dei bidra til at vi når dei nasjonale måla om bevaring av eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar og om å ta vare på trua artar og naturtypar.



Meir natur må takast vare på

Tre av fire nye nasjonalparkar i Norge vart føreslått i Vestland. Grunngjevinga er at det ikkje er verna og tatt vare på nok av vår særprega vestlandsnatur. Masfjorden og Alver kommune gav lokal aksept til start av verneprosess Masfjordfjella allereie i april og mai 2022. Mogleg lokal aksept om Hornelen nasjonalpark vil bli behandla i kommunestyret i Bremanger 27. april i år.

På oppdrag frå Miljødirektoratet gjennomførte Statsforvaltaren ei naturfagleg vurdering og identifisering av område som kan bidra til å nå Stortinget sitt mål om representativt vern av norsk natur. Det var som svar på dette oppdraget i 1. februar 2019, at Statsforvaltaren rapporterte på at Kvamsfjella kunne egna seg som nasjonalpark eller landskapsområde.

Ein svært viktig kvalitet er at det er store inngrepsfrie areal. I tillegg er det stadvis registrert kalkrike område som gjev grunnlag for rik flora. Miljødirektoratet var samd i denne vurderinga og tilrådde at området blei med vidare.

Dersom Kvam herad og lokale interesser i framtida likevel skulle ønske å gå vidare med utgreiing av moglegheiter for nasjonalpark i Kvamsfjella, vil Statsforvaltaren sjå positivt på det. Vi vil i så fall ta opp med Miljødirektoratet om det kan vere aktuelt å starte opp ein eventuell prosess då.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VAKSDAL KOMMUNE
MILJØDIREKTORATET
SAMNANGER KOMMUNE

Konsul Jebsensgata 16
Postboks 5672 Torgarden
Tyssevegen 217

5722 DALEVAM
7485 TRONDHEIM
5650 TYSSE